



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/495 - 17/8955

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.03.2017

Oversending av søknad til uttale - gbnr 185/73,102 Isdal


Saka gjeld søknad om dispensasjon for arealføremålet LNF i kommunedelplanen Knarvik - Alversund og byggjegrensa langs fylkesveg 57 for oppføring av bustad på gbnr 185/73,102 Isdal. Det er Ingolf K. Ones som på vegne av dødsbuet til Bernhard Isdal fremjar saka.

I følgje matrikkelen er gbnr 185/73 godkjend etablert i 1966 og gbnr 185/102 (som tilleggsareal) i 1970.

Planstatus


Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommunedelplan Knarvik – Alversund. Området er avsett til LNF-føremål. Eigedomane ligg like nord for klyngetunet Isdalgardane.

Utsnitt av kommunedelplanen Knarvik-Alversund




Utsnitt grunnkart





Tilkomst

Tilkomst til eigedomen må skje via kommunal veg. Det vart i 2000 gitt avkjøringsløyve til den kommunale vegen. Avkjørsla er ikkje etablert og løyvet er ikkje lenger gjeldande. Skissa under viser den godkjende plasseringa frå 2000.



Vatn og avlaup

Det er kommunal vassleidning i området. Avlaupshandtering må skje ved etablering av privat anlegg.

Det ligg føre situasjonsplan som viser korleis veg, vatn og avlaup er planlagt løyst. Det er heller ikkje i søknaden vist planlagt plassering av bygning. Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Kommunen har likevel vald å senda saka på høyring for å få avklart moglegheitene for ein dispensasjon. Parallelt med høyringsfristen vil kommuen innhenta naudsynt tilleggsdokumentasjon.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse - gbnr 185/73 og 185/102 Isdal

E-post -VS VARDHAUGEN GBR. 18573 OG 102 ISDAL

Skriv frå Statens vegvesen

BENS TOMT BILAG VEDR. VEITILKOMST

Bilde061

Bilde062

Gbnr 185-73,102 grunnkart matrikkel

Gbnr 185-73,102 kommuneplan oversik

Gbnr 185-73,102 Kommuneplan

Gbnr 185-73,102 Ortofoto 2015

Kopi til:

Bernhard Isdal sitt dødsbu	v/ Ingolf K. Ones	5902	ISDALSTØ
----------------------------	-------------------	------	----------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbrukskontoret	her		
Planavdelinga	her		
STATENS VEGVESEN	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Teknisk drift			